



Sogndal kommune  
Postboks 153  
6851 SOGNDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

## Kvernhushaugen avfalls plass - pålegg om gransking av forureina grunn

---

**Statsforvaltaren pålegg Sogndal kommune å gjennomføre ei gransking av grunnforureining ved Kvernhushaugen avfalls plass.**

**Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette vedtaket er motteke.**

---

Statsforvaltaren viser til grunnforureiningslokalitet registrert i databasen Grunnforureining med påverknadsgrad 3, det vil seie at lokaliteten er vurdert å ha uakseptabel påverknadsgrad og at det er behov for tiltak.

Vedtaket gjeld følgende lokalitet: "4273 Kvernhushaugen avfalls plass", som er lokalisert på heile eller delar av gnr./bnr. 105/1 (tvil om er omfatta), 105/346, 105/366, 105/391, 105/423 og 105/541 i Sogndal kommune.

Varsel om gransking vart sendt til kommunen 18.6.2021. Det har ikkje kome merknader til varselet.

### Bakgrunn

#### Lokaliteten

Kvernhushaugen avfalls plass var i drift fram til 1990. Deponiet hadde ikkje løyve etter forureiningsregelverket. Drifta vart lagt ned i 1990. Vi viser til brev frå dåverande Fylkesmannen i Sogn og Fjordane frå 1990 om aktuelle avsluttingstiltak. Det er utført få sikringstiltak av deponiet i ettertid. I nyare tid har det vore merksemd om forureining til vassdrag og naboeigedomar. NIBIO kom i 2018 med ein rapport med nokre framlegg til tiltak. Vi er også kjend med at det i utkast til økonomiplan frå 2017 var eit framlegg om finansiering av tiltak. I samband med etablering av næringsbygg på delar av arealet, var tiltak i forureina grunn så vidt nemnd. Statsforvaltaren har fått tilsendt omfattande tal saksdokument om denne etableringa, men har vurdert i møte med Sogndal kommune den 10.5.2021 at sakshandsaminga ikkje har vore i samsvar med lovkrava i kap. 2 i forureiningsforskrifta.



## Våre vurderingar

Vi vurderer at det er behov for ytterlegare opplysningar for å kunne fastslå i kva grad grunnen representerer ein uakseptabel forureiningsfare.

Målet med granskingane skal vere å få avklart utstrekning og djupne av deponert avfall (volum), grunnvasstand, tilrennings- og avrenningsforhold (vassbalanse), konsentrasjonar av forureinande stoff i sigevatnet og om det er forureina grunn i overflatelag. Om det er utslepp av gass må også avklarast. Granskinga skal gje grunnlag for å vurdere om deponiet kan ha uønskt påverknad på menneske og miljø og om kva for tiltak mot forureininga det er behov for.

Gjennomføring av granskingar og risikovurderingar av forureina grunn i Norge skal følgje NS-ISO 10381-5 "*Veiledning for fremgangsmåte for undersøkelse av grunnforurensning på urbane og industrielle lokaliteter*". Vidare må alle relevante rettleiarar frå Miljødirektoratet følgjast. Andre relevante standardar bør nyttast der det er hensiktsmessig. Gransking skal gjennomførast trinnvis, med ein innleiande studie, ei orienterande gransking (der det er vekt på helsebaserte tilstandsklassar for forureina grunn og avrenningsforhold) og ei hovudgransking. Ei risikovurdering for eventuelle tiltak må gjerast der det er nødvendig.

## Vedtak

Med heimel i forureiningslova § 51 pålegg Statsforvalteren i Vestland Sogndal kommune å gjennomføre gransking av forureina grunn på og ved lokalitet 4273 Kvernhusaugen avfallsplass.

### Innhald i granskinga

Ei gransking må gjennomførast av eit uavhengig firma med kompetanse innanfor fagfeltet. Prøvetaking og analyser skal gjennomførast i samsvar med relevante norske eller internasjonale standardar. Granskinga skal mellom anna omfatte:

- skildring av lokaliteten og ei utgreiing av noverande og tidlegare aktivitetar på området, ønskt eller planlagt framtidige arealbruk for området og moglege helse- og miljøkonfliktar ved noverande og framtidig arealbruk
- ei tilstrekkeleg og representativ prøvetaking av grunnen og relevante spreingsvegar
- ei tilstrekkeleg og representativ prøvetaking av vassbalanse (tilrenning, avrenning, variasjonar i grunnvasstand) og sannsynlege/påviste spreingsvegar
- ei vurdering av helserisikoen ved eigedomane i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar TA-2553/2009 "*Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn*". Dersom klasseinndeling manglar for den aktuelle forureininga eller arealbruken, kan råd frå Forsvarets forskningsinstitutt og/eller Veterinærinstituttet nyttast som grunnlag for vurderinga.
- ei utgreiing av kva for effektar som kan følgje av forureininga ved naboeigedomar og i vassførekomsten. Dersom slike effektar har oppstått, skal disse skildrast.
- utrekning/måling av areal og volum av området med forureina grunn på lokaliteten
- rapporten frå granskinga skal med utgangspunkt i føreslegne miljømål for området gje ei vurdering av om det bør gjennomførast tiltak.

Nødvendig dokumentasjon skal leggjast ved rapporten.

Dersom vi finn at granskingane ikkje er dekkande for området sin helse- eller miljørisiko eller ikkje tilfredsstiller minimumskrava i dette pålegget, vil vi stille ytterlegare krav om gjennomføring av supplerande granskingar.



### Tidsfristar

Granskinga skal vere gjennomført og rapport utarbeidd og sendt til Statsforvaltaren innan 1.6.2022. Sogndal kommune skal orientere Statsforvaltaren når utførande firma er vald. Vi skal ha høve til å kommentere omtale av arbeidet. Vidare skal Statsforvaltaren verte orientert på førehand før fysiske tiltak i samband med granskinga er planlagt, og ha høve til å kunne delta som observatør.

### **Grunngeving for gjennomføring av gransking**

Det er grunn til å tru at deponert avfall og forureina masse utgjer ei uakseptabel påverknad eller fare for påverknad på omkringliggande miljø. Det kan synest at avrenning frå avfallsplassen – i alle fall i periodar – har høg konsentrasjon av forureining. Avrenninga er varierende, og det kan vere grunn til å tru at grunnvatn bidreg til utvasking av forureining frå deponert avfall.

Det er tvil om forureina masse er disponert på arealet utanom tiltaksområdet for næringsbygget.

Tilstanden i vassførekomsten Kaupangselvi er til tider dårleg, med mange kjente episodar med fargeforandring, vond lukt og fiskedød. Elva har fleire kjende kjelder til forureining. Granskinga vil bidra til å avklare om deponiet har utslepp og eventuelt om kor store utsleppa er.

### **Registrering i Grunnforurensing**

Resultata frå granskingane skal registrerast i databasen Grunnforurensing under lokalitet "4273 Kvernhusaugen avfallsplass" ved bruk av importskjemaet som finst i databasen. Andre opplysningar skal også registrerast på lokaliteten (bruk notatfelt og legg ved rapportar) og sendast til godkjenning til Statsforvaltaren.

### **Registrering i Vannmiljø**

Måledata i vatn og sediment skal registrerast i databasen Vannmiljø. Data skal leverast på Vannmiljø sitt importformat, som ligg på <http://vannmiljokoder>. Her finn ein også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk.

### **Klage**

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan *tre veker* frå melding om vedtak er kome fram eller frå den dato vedtaket burde vere kjend. Ei eventuell klage skal omtale kva det vert klaga over, og den eller dei endringane ein ønsker. Klage skal sendast til Statsforvaltaren.

### **Oppfølging etter motteke rapport**

Dersom granskinga konkludere med behov for tiltak, vil Statsforvaltaren seinare vurdere om det er behov for å utarbeide tiltaksplan, og kva for tiltak som bør gjennomførast.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Gøsta Hagenlund  
sjefingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

RASMUSSEN EIENDOM AS	Kanalveien 11	5068	BERGEN
Nils Joachim Knagenhjelm	Jektestrondi 2	6854	KAUPANGER